

Arkivnr: 2018/16000-1

Saksbehandlar: Elisabet Skrede, tannhelsetenesta, Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Saksframlegg****Saksgang**

<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
Partsamansett utval	13.05.2019

**Organisering av Vestland tannhelseteneste****Samandrag**

Prosjektleiari har gjennomført eit prosjektarbeid om organisering av Vestland tannhelseteneste. Arbeidsgruppa hadde medlemmar frå tannhelsetenestene i Hordaland og Sogn og Fjordane, inkludert tillitsvalde.

Arbeidsgruppa har laga eit forslag til organisering med mål om å gjere tenesta effektiv innanfor dei faglege og økonomiske rammene som ligg til grunn.

**Forslag til vedtak**

Prosjektleiari rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Vestland tannhelseteneste vert organisert etter 3-nivåmodell. Det vert delt opp i 5 tannhelseområde inkludert TkVestland, med ein områdeleiar per område.
2. Tannhelsetenesta får større klinikkområder. Mindre klinikkar vil bli leia frå større klinikkar, og det vert nye klinikkområder.
3. Det vert eigen leiar for staben i tannhelsetenesta
4. Modellen skal sikre rapporteringar som gjer tenesta rusta til sjølv å identifisere eventuelle avvik på eit tidleg tidspunkt og sette inn tiltak, både på samfunnsoppdraget og -økonomi.
5. Arbeidsgruppa skal fortsette med fase 2 av prosjektet. Der skal ein sjå nærare på innplassering av tilsette og arbeidsoppgåver, stillingsinstruksar, førebu klinikkstrukturplan, sjå på forholdstalet mellom tannpleiar og tannlege, utarbeide modell for eventuell resultatorientert avlønning, budsjettfordeling mellom tannhelseområda og klinikkane, og organisering og drift av TkVestland.

Det vert teke atterhald om ev. justeringar etter informasjons- og drøftingsmøte 8. mai 2019.

Rune Haugsdal  
prosjektleder

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Prosjektleder, 03.05.2019**

### **1. Bakgrunn for saka**

Prosjektrådmannen har gjennomført eit prosjektarbeid om organisering av Vestland tannhelseteneste. Arbeidsgruppa hadde medlemmar frå tannhelsetenestene i Hordaland og Sogn og Fjordane, inkludert tillitsvalde. Målsetnad for arbeidet er å finne fram til ein god og effektiv organisering av tannhelsetenesta i det nye fylket, og halde oss innanfor dei økonomiske rammene som ligg føre.

Gruppa har lagt til grunn delprosjekt 4.1 og 4.4 i tannhelsetenesta, og mykje av fagleg argumentasjon og organisatoriske tilrådingar er bygd på desse rapportane. Ein har også sett på forslag til organisering i dei andre fylkeskommunale einingane, slik som for eksempel opplæring. Vi har prøvd å halde oss til dei same nemningane i stillingar og område.

### **2. Konklusjon**

Arbeidsgruppa har laga eit forslag til organisering med mål om å gjere tenesta effektiv innanfor dei faglege og økonomiske rammene som ligg til grunn.

- Vestland tannhelseteneste vert organisert etter 3-nivåmodell. Det vert delt opp i 5 tannhelseområde inkludert TkVestland, med ein områdeleiar per område.
- Tannhelsetenesta vil få større klinikkområder. Mindre klinikkar vil bli leia frå større klinikkar, og det vert nye klinikkområder. Det vil føre til ein reduksjon i tal klinikkområde og klinikkleiarar, men tal klinikkar vil bestå. Dette vil kunne gi ei effektivisering i forhold til produksjon av pasienttenester.
- Det vert eigen leiar for staben i tannhelsetenesta.
- Leiarrolla skal styrkast på alle nivå.
- Modellen sikrar rapporteringar som gjer tenesta rusta til sjølv å identifisere eventuelle avvik på eit tidleg tidspunkt og sette inn tiltak, både på samfunnsoppdraget og -økonomi.
- Gruppa har lagt til grunn delprosjekt 4.1 og 4.4 i tannhelsetenesta, og mykje av fagleg argumentasjon og organisatoriske tilrådingar er bygd på desse rapportane. Ein har også sett på forslag til organisering i dei andre fylkeskommunale einingane, slik som for eksempel opplæring. Vi har prøvd å halde oss til dei same nemningane i stillingar og område.

Arbeidsgruppa ser det som nødvendig med fase 2 av prosjektet. Der vil vi sjå nærare på innplassering av tilsette og arbeidsoppgåver, stillingsinstruksar, førebu klinikkstrukturplan, sjå på forholdstalet mellom tannpleiar og tannlege, utarbeide modell for eventuell resultatorientert avlønning, budsjettfordeling mellom tannhelseområda og klinikkane, og organisering og drift av TkVestland.